

Kommentar til høyring innfasing Mo skule til Subus

Vi på Vaksenopplæringa har desse kommentarane til dei ulike alternativa for innfasing av Mo skule til Subus:

Alternativ 1:

Vi viser til rapporten og høyringa som seier at Gulbygget ikkje skal brukast slik det er i dag.

Alternativ 2:

Inga endring for oss i Vaksenopplæringa.

Alternativ 3:

Om Mo blir flytta frå hausten 2027 må det i første omgang gjerast store endringar på Gulbygget.

Vi stiller store spørsmålsteikn til korleis det kan vere mogleg å drive barne- og ungdomsskule her når det ikkje kan gjerast noko med bygningsmassen.

Det er blant anna:

- innkapsla asbest-belegg
- toalettfasiliteter har for lite kapasitet
- oppfyller blant anna ikkje krav til plassering av vindu.

Vaksenopplæringa må ha nye undervisningslokale som er eigna. Desse bør vere ferdige i god tid slik at vi slepp prosessen vi hadde sist vi vart flytta frå Skei til Gulbygget.

Vi stiller og store spørsmål ved at skulen no er bra nok til å brukast til undervisning på barne- og ungdomstrinn når den i utgangspunktet skulle rivast/ikkje lenger var eigna til dette formålet.

Klubben/Utdanningsforbundet Surnadal Vaksenopplæring

20.04-2026